

Jonsvaka 1990 – «Rose til Kristian»

Minnet om «Gammel-klokkaren» Kristian Aasgaard (1839-1940) stod sentralt under Jonsvaka 1990. Det vart ein folketonekveld - med Åsskard Kyrkjekor, Nora Bøe (song), Bernt Bøe (orgel) og musikkgruppa At Present (Trygve Brøske – synt, Gudbjørn Moen – klarinett/sax, Jostein Ansnes - gitar og Gunnar Jostein Bøe – bass).

M.a. hadde Trygve Brøske skrive stykket «Rose til Kristian» for kor, resitasjon, klarinett, saxofon, gitar, symbol, bass og synt.

Elles vart mange «ukjende» folketonar frå Åsskard presenterte - i arrangement av Bernt Bøe.



Kristian Fredrik Aasgaard (1839-1940)



Salmesong i alternativ-praksis mellom forsamling og orgel var med i programmet også denne gong.

Under kaffestunda i Kyrkjestua før konserten hadde Bernt Bøe eit kåseri om læraren, kyrkjesongaren og «alt-muleg-mannen» Kristian Fr. Aasgaard.


T.v. Trygve Brøske leia gruppa «At Present», spela keyboard og var aktiv komponist alt som svært ung.

*

Jonsvaka 1991

For første gong var Jonsvaka no flytta frå sjølve St. Hans-kvelden - til nærmeste laurdags kveld (22. juni). Deltakarar denne gong var John Røen (fele, song og opplesing), Åsskard Kyrkjekor, Nora Vetleseter Bøe (song), Gunnar Jostein Vetleseter Bøe (gitar og el-bass), John Heggem (orgel) og Bernt Bøe (orgel, cembalo, blokkfløyte).

I programmet vart signinga av vår nye konge Harald V markert med kongesongen. Innhaldet elles var prega av lokale folketonar og av røtene bakover til gregorianske mellomaldertonar.



(N)

Vandet det rinder i dybeste Dale, Som ei på Bjergene
 Naaden kan ydmyge Sjøle hus-va-le, Stolte Ge-myutter au-
 tin-der sin Vei. Der hvor den fin-des, der maa det og vi-ses,
 ta-ger den ei. (M)

Da den ud-renser den syn-di-ge lyst, Sjø-le med him-melske
 Ma-nna be-spi-ses Til deres e - vi-ge Frel-se og Trast

Speleemannen John Røen både las, song og spela – m.a. den lokale, vakre folkemelodien «Vandet det rinder i dybeste Dale». Tonen kan ha samanheng med Hans Nielsen Hauge sitt bryllaupsbesøk på Røen i Stangvik i 1801, sa John.

I sitt kåseri før konserten presenterte Bernt Bøe den nye samlinga «Nu rinner solen opp» - folketonar frå Edvard Bræins etterlatne nedskrivingar.

*


Jonsvaka 1992 - Katedralvandring

Etter ei studiereise i England tidlegare på året hadde Bernt Bøe lysbildekåseriet «Katedralvandring i England» som innleiing på «Jonsvaka» 20. juni 1992.

Hovudaktørar under midnattskonserten var violinisten Anders Larsen, organisten Gunnar Vik, Bøfjorden Mannskor (var starta våren 1991) og Åsskard Kyrkjekor. Temaet «Året rundt i tonar» vart belyst med musikk av bl.a. Telemann og Bach (orgel), Handel (fiolin), folketonar frå ulike land og komposisjonar av Byrd, Wesley, Mozart, Mendelssohn, Saint-Saëns, Kverno og Hovland.



Bøfjorden Mannskor songaren Torgrim Tunes framstilte det som julegåve til dirigent Bernt! T.h.: Gunnar Kolbjørn Vik spela på «Jonsvaka» fleire gonger.



Jonsvaka 1993 – jubileum for Edvard Grieg

Jonsvaka 1993 markerte særleg 150-årsjubileet for Edvard Grieg (1843-1907).

Innleiingsvis kåserte Bernt Bøe og viste lydbilete om vår største komponist.

I konserten deltok Solveig Grytbakk og Anne Karin Sundal på fløyte, unge Ingebjørg Loe Bjørnstad (fiolin), songsolistane Johnse Sættem, Nora Bøe og Bernt Bøe, organistane Gunnar Vik og Bernt Bøe og dei to lokale kora, Bøfjorden Mannskor og Åsskard Kyrkjekor, kvar for seg og saman.

Biletet: Åsskard Kyrkjekor feira Grieg.
(Foto: Ole Kr. Stokke, Tidens Krav)



Av Grieg framførte felleskoret m.a. «I himmelen» med Johnse Sættem som solist. Elles var det musikk av W.A. Mozart, Jaques Ibert, Ole Andreas Lindeman (sjå foto med tekst), Jean Sibelius, J.S. Bach, Franz Schubert og Trond Kverno. Eit større verk vart framført denne gongen: Dietrich Buxtehudes kantate «Hvorledes skal jeg møte» (kor og solistar).

Under: A: Jubilant Grieg med autograf. B: «Norges første Musiker», Ole Andreas Lindeman (fødd, som sorenskrivar-sønn, på Øverlandet i Surnadal 1769). C: «Den store Dansker» Dietrich (Diderik) Buxtehude (1637-1707).



Jonsvaka 1994 – Brorson

Dette året vart 300-årsminnet for salmediktaren Hans Adolph Brorson (1694–1764) feira rundt heile landet – og også på Jonsvaka i Åsskard 22. juni.

Under kaffestunda før konserten kåserte Bernt Bøe om pietismens store diktar.

Åsskard Kyrkjekor presenterte eit fyldig korprogram med tekster av Brorson - til folketonar og musikk av komponistar som Grieg, Bach og Mozart.

Dessutan deltok Bøfjorden Mannskor med eige program. Saman framførte kora bl.a. Griegs klassiske «Landkjenning». Her var Johnse Sættem solist i konge-rolla (Olav Tryggvason).



*

Jonsvaka 1995 - «Olav – Den Første»

Kristningsjubileet (tusen år etter første norske messe, på Moster) prega Jonsvaka 1995. Bøfjorden Mannskor og Åsskard Kyrkjekor framførte først sogenespelet kalla «Olav – Den Første» (skrive av Bernt Bøe på grunnlag av «Soga om Olav Tryggvason» hos Snorre).

Arena var hagen ved Olastua attmed kyrkja. Dette var ei stor satsing, med innlånte kostymer bl. a. frå Stiklestad-spelet, båt (ein liten «Ormen Lange», utlånt av Odd Engdal) på fjorden, bruk av mikrofonar og høgtalaranlegg – med musikk frå Griegs «Sigurd Jorsalfar». Alf Ramsøy las samanbindande tekst. John Nonnon Heggem hadde rolla som kong Olav. Bernt Venås var biskopen. Skuleborn deltok som «kor-gutar» i seremoniane i spelet. (Sjå biletkavalkade på neste side.)

I konserten «Kyrkjetonar gjennom tusen år» deltok den engelske organisten Robert Coates, solistane Nora Bøe og Johnse Sættem, Åsskard Kyrkjekor og Bøfjorden Mannskor. Jonsvaka dette året var ein del av «Surnadalsdagane 1995». Programmet vart gjentekne i Rindal under («Kulturvøkk»). Deler av konserten er å høre på CD'en «Helsing frå Åsskard».



KYRKJA I NOREG
1000 ÅR
MOSTER 995-1995



Frå spelet «Olav – Den Første» i hagen ved Olastua. Over til venstre: Gjertrud Heggem, Gudrun Maria Vetleseter Bøe, Lars Lillegård, John Nonnon Heggem, Gunnar Bøklepp og Ingebrigt Garthe. Ombord i «Ormen Lange»: Grethe Husby Settemsdal, Lars Lillegård, Bernt Venås, John Nonnon Heggem og Ingebrigt Garthe. Til høgre: Gunnar Jostein Vetleseter Bøe, John Nonnon Heggem og Ingebrigt Garthe.

«Korgutar» til messe.
Frå venstre: Gjertrud Heggem, Gunnhild V. Bøe, Ida V. Bøe, Eli Orset og Ida Elisabeth Dønheim. Soldatar:
Lars Lillegård, Ingebrigt Garthe og John (Johnse) Sættem.



Under t.v.: Bernt Bøe, Nonnon Heggem (Olav Tryggvason) og Gunnar Bøklepp.
Under t.h.: Anna Soleika Jawansky Peters og Sigrid V. Bøe med Storslett-geita.



Jonsvaka 1996

Sogespelet «Olav – Den Første» vart gjentekne under Jonsvaka 22. juni 1996. Seinare på sommaren vart det framført på Sandøy i Romsdal.

Songaren Ola Røkkum var hovudgjest under kyrkjekonserten. Like eins deltok Olve Utne på fele, kyrkjekoret og mannskoret.

Biletet: Ola Røkkum, oppvaksen på Grytskog-skulen, kjend barytonsolist og høgskulelektor (Levanger). Han var også rektor på Toneheim Folkehøgskule ved Hamar.



*

Jonsvaka 1997 – «Vær hilset!»

350-årsjubileet for Petter Dass (1647-1707) vart markert med Jonsvaka 21. juni 1997. Bernt Bøe sitt kåseri og dramatisering av livshistoria til diktarpresten vart framført inne i Åsskard kyrkje – som for høvet var omgjort til «teatersal» – m.a. med garnbruk og ein enkel «båt» framme i koret, der altaret var avskjerma med eit stort teppe. Aktørar var Åsskard Kyrkjekor og songarinna Turid Røen Kroknæs.



Petter Dass-kabareten «Vær hilset» vart gjenteken ved fleire høve nokre år. Biletet til høgre er frå Svinvik Arboret under Vårsøg-helga 2007: Nora V. Bøe som «Fru Gurru med fellen» i Den Nordske Daleviise. Korleiar Bernt Bøe (som «Herr Petter») konstaterer at «*udi Buncken laa Fluer stor' og smaa, ilde ud de saa...*». Todalskoret og Åsskard Kyrkjekor lever seg inn i handlinga.

I staden for midnattskonsert vart det etter Petter Dass-programmet halde *Salmemesse* – ei gudsteneste i tråd med liturgien frå 1685 (Petter si samtid). Her deltok sokneprest Bernt Venås saman med koret og organisten, som hadde arrangert og delvis komponert musikken til jubileumsframsyninga. Alle salmar var til tekster av Petter Dass.

*

Jonsvaka 1998

For tredje gong framførte ein sogespelet «Olav – Den Første» på friluftsscena ved Olastua, som opning av Jonsvaka. Det vart laga gode videoopptak av framsyninga i den strålande sommarkvelden.


Erling With Aasgård (orgel), Jens Linde (tenorsolist og prestevikar), Johnse Sættem (baryton), Åsskard Kyrkjekor og Bøfjorden Mannskor stod for konserten inne i kyrkja etter teaterframsyning og kaffepause.

*

Jonsvaka 1999 - i Hauges fotefar

Ettersom Hans Nielsen Hauge drog gjennom Nordmøre første gong sommaren 1799, høvde det dette året å laga eit Hauge-program. Som under Petter Dass-jubileet i 1997 vart kåseri og drama og konsert fletta tett saman og framført i kyrkjerommet. Bernt Bøe presenterte historia om Hauge sine reiser på Nordmøre, og Rindal Kyrkjekor utfylte rollene som lokale haugianarar rundt 1800. Nils Joralf Stavne spela Hauge. 9 år gamle Sigrid Vetleseter Bøe var gjetartausa frå Sollia som møtte Hauge på Øvre Kvennmyra (Snømyra) sommaren 1799.

T.h: Jonas Settemsdal viste skulejentene Silje Bøe, Torbjørg Rosvoll og Ida Elisabeth Dønheim plassen Snømyra, der Hans Nielsen Hauge møtte gjetartausa frå Sollia i 1799. Under: Rindal Kirkekor dramatiserte Hauge-stoff både i Åsskard og i Rindal dette året.



I konserten på «Jonsvaka» 1999 spela domorganist i Nidaros, Knut Kirkesæther. Rindal Kyrkjekor framførte både afrikanske og haugianske songar. I ein tale drog sokneprest Bernt Venås fram positive og negative sider ved den haugianske lekmannsrørsla.

Jonsvaka 2000 – Blåsekvintett og kor

Blåsekvintetten ved Operaen i Kristiansund var hovudaktørar under midt-sommarskonserten i 2000. Dei spela m.a. gamle ungarske dansar, «Trio» av Georges Auric og musikk av Fernström og Poulenc. Åsskard Kyrkjekor deltok med «Liten Korsuite» av Bernt Bøe til musikk av Handel - for høvet tilrettelagt for blåsarane frå Operaen.

*

Jonsvaka 2001 – Kyrkjejubileum

Åsskard kyrkje feira 125-årsjubileum i 2001, og midnattskonserten var ein del av markeringa. Det samansette «Messias-koret» song 6 satsar frå nettopp Handels oratorium Messias - til orgelfølgje av Erling With Aasgård, no domkantor i Molde. Inspirert av jubileet viste programmet stor spennvidde - med utdrag frå Tveit/Skeies songsyklus «Visst skal våren komme» som meir «moderne» innslag. Her vart kor og songsolist Nora Bøe akkompagnert av den gresk-prega gruppa «*I Floga*», noko som høvde svært godt, sidan tekstene byggjer på openberringa som Johannes hadde på den greske øya Patmos. Elles deltok Bøfjorden Mannskor, og orgelsolisten spela verk av J. Rheinberger.



Syng-i-lag-Koret, Todalskoret og Åsskard Kyrkjekor og medlemmer av gruppa «*I Floga*» (Peder Hønsvik, Gro Løfaldli, Eldri Dyrset, Lars Gunnar Sæter og Erik Blomstrøm) framførte «Visst skal våren komme» som del av «Jonsvaka» og kyrkje-jubileet i Åsskard i 2001.

Jonsvaka 2002 – Gitar, fele og gudsteneste

Gitaristen Asgeir Aarøen og felespelaren Oskar Johansen laga folketonekveld saman med Åsskard Kyrkjekor og Bøfjorden Mannskor i 2002. Både norsk og søramerikansk musikk prega programmet - der ikkje minst gitaristen viste seg som ein stor musikar. Særleg stemning skapte det at forsamling og musikarar vandra ut i sommarnatt til levande tonar og samlast ute på kyrkjebakken. Kvelden vart avslutta med gudsteneste - der også folketonane sette sitt musikalske preg.



Over: Oskar Johansen og Asgeir Aarøen under konserten i kyrkja. Under: Montasje som kanskje syner stemninga på kyrkjebakken i sommarnatta etter «Jonsvaka» 2002. Åsskard Kyrkjekor og Bøfjorden Mannskor helsa alle frammøtte takk for samveret.



Jonsvaka 2003 – Seppepipe og «Møre-Vesper»

«*Jensuku med sekkepipe*» var tittelen i 2003. Den svenske oboisten Ebba Ringmar (Operaen i Kristiansund) utfalda seg på fleire instrument – sekkepipe, skalmeie og obo.

Elles var Bøfjorden Mannskor og Åsskard Kyrkjekor med.

Som avsluttande gudsteneste var Terje Tjervågs «Møre-Vesper» nytta. Her var Surnadal Kyrkjekor leia av Oddveig Helset Halle. Under ser vi koret på kyrkjebakken etterpå.



*


Jonsvaka 2004 – Trio Accanto

Trio Accanto - med Unni Røe, klarinett, Anette Tekla, bratsj og Bjarne Sakshaug, klaver - spelte musikk av m.a. Mozart og Reinecke under Jonsvaka 2004. Åsskard Kyrkjekor deltok også. Den avsluttende gudstenesta var lagt opp som anglikansk *Evensong*, der koret fletta inn i liturgien verk av komponistar som Cesar Franck, Franz Schubert og Martin How.



Jonsvaka 2005 – Folkemusikk

Folketonegruppa «Brann i blått» stod for programmet i 2005 - igjen saman med kyrkjekoret. Gruppa består av kvedarane Unni Boksasp og Gro Kjelleberg Solli, Torgeir Leivdal, fele, og Øystein Sandbukt, gitar.



Før konserten tala Bernt Bøe om årets merkedagar. Kirsti Orheim Ås tok for seg ord og uttrykk. Ho presenterte og folkeviseboka «Enno så segla ho Magnill».




Unni, Øystein, Torgeir, Gro (Foto: Eistein Bæverfjord)

*

Jonsvaka 2006 – Mozart 250

Den 25. «Jonsvaka» feira 250-års-jubilant W.A. Mozart – som saman med Mendelssohn var einaste komponist i programmet. Åsskard Kyrkjekor (med solistane Nora Vetleseter Bøe og Sigrid Vetleseter Bøe) song til «komp» av Bernt Bøe og ein strykekvarsett leia av Trond Harald Saltnes. Strykarane spela bl. a. ein kvartett av Mozart og (saman med organisten) hans Kyrkjesonate IV.



I Kyrkjestua kåserte Bernt Bøe med (delvis muntre) glimt frå vår lokale kyrkjehistorie, som at Bjørnson vanka i Stangvik prestegard og at ålvund-fjordingar kom til kyrkja over sjø-isen på kalde vinterdagar – i sledar med segl på.

«Jonsvaka» i 25 år var også markert med ein nylaga CD («Kvartsekkel») med opptak av framført musikk frå nokre av desse midnattskonsertane.